



MØTEBOK

Møte: 3-2021
Møtedato: Onsdag 26.05.2021
Møtestad: Bremnes kyrkje
Tid: 18.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Åse Innvær, Elisabeth Bjørnevik, Heidi Vold Ådnanes, Odd Ingvar Nilssen, Trygve Totland, Per Harald Gjerde, Camilla Rubach, Fridleif Lydersen, Hans Otto Robberstad og Trygve Leigland.

Desse var ikkje på møtet:

Asbjørn Gundersen og Elin Taranger

John Olav Habbestad leia møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2021-03-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Einigheit om at det er beste å få alle vedlegg samle i eitt eller to dokument.
Denne gongen vart dei sendte som enkeltvedlegg knytt til kvar enkelt sak.
Innkalling og saksliste godkjent.

2021-03-02 MØTEBOK

Møtebok 2-2021 godkjent.

2021-03-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Informasjon om tilslutningsavtale for personvern og informasjonssikkerhet.
Vart informert kort om kva avtalen innebar. Vart spelt inn at det er fint om denne informasjonen kjem ut til sokneråda.
2. Personale – utlysing
- Pedagog 80 – 100% frist 1. juni
- Ingen søknadar per 26.5
3. Minnelund Bremnes – Akasia
Informerte litt om tankane under synfaring på kyrkjegarden.

Tilleggssaker som dukka opp i møte eller som vart sendt ut i etterkant av innkalling:

4. Revisjonsberetning – Godkjent
5. Orientering om Vorland – Universell utforming
Er gjort endringar i vedteke skisser etter møte med prosjektør.
6. Organisering av framtidig kyrkje
Fellesrådet ynskjer sak/orientering om framtidig omorganisering av kyrkja.

7. Korleis er Bømlo kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar?
Fellesrådet ynskjer ei drøfting på korleis ein sjølv er som arbeidsgjevar. Lønn osv.

2021-03-04 KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2021

Det vart stilt spørsmål, og gitt svar, til nokre av postane i rapporten deriblant forsikring, straum, teknisk utstyr og reiskap og vedlikehald kyrkjer.

Vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 1. kvartal 2021 til vitande.

2021-03-05 ÅRSMELDING 2020

Det vart gjeve ein kort informasjon om årsmelding for fellesrådet for 2020. Året er mykje prega av avlyste arrangement, så statistikken for fjoråret kan ikkje samanliknast med andre år forutan gjennomførte gravferder ol.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2020 slik den føreligg.

2021-03-06 ØKONOMIPLAN/BUDSJETT 2021 - 2025

Kyrkjeverja informerte kort om bakgrunnen for økonomiplanen og at ein no også må legge vekt på å få rullering også på driftsbudsjettet og ikkje bere investeringar. Og at budsjettforslag må spelast inn til kommunen før kommunen set igong med sitt budsjettarbeid.

Tal som vart kommentert på drift var:

- Sal 2022. I 2022 er det festeavgiftstopp og ein må dette året setje av midlar på fond for å klare seg gjennom «dei 4 neste dårlege åra». Dette viser seg også i avsetjing til fond i 2022.
- I 2024 er det lagt inn eit ekstra ynskje i kommunale tilskot på 500' til større vedlikehaldsprosjekt av kyrkjer.

Under investeringsplan vart det nemnd at det er fint om eigenandel i orgelet i Moster kjem fram i oversikten.

Vidare vart det nemnd på historiske vederlag som må ordnast opp i knytt til utviding av parkeringsplassen ved Bømlo kyrkje i 2023.

Kyrkjeverja ytra også tankar knytt til utviding av Bremnes kyrkjegard, at dette kan komma fortare enn budsjettet.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek førebels økonomiplan for drift og investeringar for 2021 - 2025

2021-03-07 KONKURRANSEGRUNNLAG FOR OPPGRADERING AV BØMLO KYRKJE

Det vart ikkje gjennomført noko detaljert gjennomgang av konkurransegrunnlaget eller prosjektskildringa, men det vart snakka om at det nok vert nokre «rundar med kniven» når ein etter kvart får på plass prisar. Oppsett ramme vert nok ikkje tilstrekkeleg, så ei prioritering vert nok naudsynt. Vidare vart det også nemnd på alternativa med å hente inn midlar frå lokale verksemdar.

Det vart også presisert at arbeidsgruppa knytt til prosjektet vert med i prosessen vidare på val av leverandør, prioritering osv.

Vedtak:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek konkurransegrunnlaget for oppgradering av Bømlo kyrkje.**
- 2. Bømlo kyrkjelege fellesråd gir fullmakt til leiar og kyrkjevevje for eventuelle detaljendringar av mindre karakter.**

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje